

Pressemelding: Haddal / Leinøy, 7. desember 2022

## All verdas moglegheiter med flytemolo med «kjeller»

# Klar til å ta over den første flytande fiskerikaia

Sommaren 2021 tok Ulstein Betong Marine kontakt med fiskebåtreiarlaget Grønholm ifrå Remøy i Herøy kommune etter at dei fekk nyss i at selskapet vurderte å byggje ei fiskerikai på Leinøy til dei fire sjarkane sine. Ulstein Betong Marine foreslo at dei heller skulle sjå på moglegheitene i ei flytande fiskerikai før dei tok avgjersla om å investere.

**No er reiarlaget klar til å ta over prototypen for den første flytande fiskerikaia ifrå Ulstein Betong Marine. Der skal dei lagre og handtere vegn til dei fire sjarkane.**

Ulstein Betong Marine meinte det kunne være en idé å nytte ein flytemolo med stor lagringsplass under dekk til det same formålet. Dagleg leiar Tor André Storås og brørne – som også er medeigarar i firmaet, er alle kystfiskarar og båteigarar, hadde allereie vore inne på tanken, og var ikkje vond å be.

- Vi hadde i utgangspunktet planlagt for å bygge ei kai, men satt planane på vent for å høyre meir om konseptet. Sidan vi allereie eiger tomte, kan vi enkelt kople flytemoloen til land, seier Storås.

Sidan den gongen har brørne i Grønholm bidratt med idéar og innspel til korleis dei ser for seg at den flytande fiskerikaia bør utformast og utrustast.

- For oss er det ikkje aktuelt å handtere eller lagre fisken på kaia. Derimot når det gjeld handtering av vegn og utstyr til og frå land så er det veldig tungvint i dag, og med en flytemolo med plass til båten, vegn og utstyr så slår vi fleire fluger i ein smekk.

I tillegg til å nytte flytemoloen som fiskerikai så ser dei all verdas moglegheiter med konseptet.

- Løysinga er fleksibel og kan deles opp og nyttast til mange formål, noko som vil gjere det enklare å få med fleire aktørar på eit slikt kjøp. Skulle vi investert i ein tilsvarande kai-pir i en slik størrelse så vil det være meir kostbart, meir byråkrati, og med ei tradisjonell kai så må ein tillegg ha lagringsplass på land.

- På vår tomt har vi allereie plass til ei naustrekke, og med flytemoloen rett utanfor ser vi for oss å kunne leige ut båtplassar som vi ikkje nyttar sjølv. Om vi har plass til overs under dekk kunne vi sikkert også leigd ut rom til andre aktørar også.

Måndag 12. desember invitera Ulstein Betong Marine, Marina Solutions til ein presentasjons- og demonstrasjonsdag på Haddal i Ulstein kommune. Der vil Grønholm AS seie litt om deira forventningar og planer, og det vert mogleg å kome om bord i den nye flytemoloen som no skal bli fiskerikai på Remøy i Herøy.

### For meir informasjon, ta gjerne kontakt

Asbjørn Tronstad  
Dagleg leiar  
Ulstein Betong Marine  
Tlf.: 920 80 248  
Epost: asbjorn@ulsteinbetong.no

Tor André Storås  
torandre@storas.net  
976 77 768

---

Ulstein Betong Marine er eit selskap inn under konsernet Ulstein Betongindustri. Ulstein Betong Marine produserer flytande betongkonstruksjonar i eiga tørrdøkk i Haddal i Ulstein kommune. Vi har mange års røynsle og sidan starten i 1988 er det produsert godt over 100 bygg. Det er produsert betongflåtar til fleire produktmarkadar: oppdrettsflåtar til havbruksnæringa, hurtigbåtkaiar til privat og offentleg samferdsel, flytekaier til fiskeri og godshandtering og flytemoloar med god bølgedempar-funksjon og lagerfasilitetar til småbåt-hamner og marina-anlegg.